

Revisjon av VA Norm Bergensregionen februar 2017 - endringar

1. Pkt 3.0 Punktet er stramma opp og klargjort med omsyn til krav til VA planar i samband med nye utbyggingsprosjekt
2. Pkt 3.9 vesentleg endra. Alle lokale krav under dette punktet er no flytt inn i vedlegga B1 «Sjekkliste for teknisk plan, sluttdokumentasjon og overtaking» og vedlegg B2 «Krav til innmåling og dokumentasjon av VA anlegg».
3. Pkt 4.0, 4.1, 4.2 og 4.A er endra slik at desse punkta inneheld bestemmesar om m.a. nødvendig overdekking i grøfta, grøftestengsel, mottakskontroll m.v. Desse vilkåra var tidlegare plassert i kap 5, 6 og 7.
4. Pkt 5.3 og 5.15 om slokkevatn og avstand til brannkummar er revidert i samsvar med ny Norsk Vann rapport om dette temaet.
5. Pkt 5.9 Røyrdelar Punktet er forenkla, nå berre tilvising til reviderte teikningar A5 og A6.
6. Pkt 5.10 Lita endring – kommunen skal varlsast minst 3 dagar på førehand før tilkopling.
7. Pkt 5.11 Forankring. Ny tilvising til VA Miljøblad 112.
8. Pkt 5.17 og 5.18 Krav til eksternt firma for gjennomføring av trykkprøving/desinfeksjon for mange kommunar
9. Ny teikning A1; Plan og lengdeprofil
10. Ny teikning A14; Normteikning avløpspumpestasjon
11. Revisjon av teikninga A2 – A6
12. Revisjon av vedlegga B1, B2 og B5

Revisjon av VA Norm Bergensregionen våren 2015 - endringar

Dei viktigaste endringane i samband med revisjon av VA norma for Bergensregionene våren 2015 er lista opp under;

1. Heile malen for VA norma er omsett til Nynorsk
2. Pkt 3.0 Prosjektdokumentasjon – her er det teke med krav om utarbeiding av overordna VA plan i samband med reguleringsplan, samt utarbeiding av teknisk plan i forkant av detaljprosjektering.
3. Pkt 5.6 Røyrleidningar – oppdatering av krav til korrosjonbeskyttelse samt skøyting av støypejernsrøyr
4. NY - Sjekkliste for tekniske planar vedlegg B1. Ei eiga sjekkliste er utarbeidd der det er sett krav til kva tekniske planar skal innehalde
5. NY - Sjekkliste for sluttdokumentasjon vedlegg B3. Ei eiga sjekkliste for krav til sluttdokumentasjon er utarbeidd.
6. Revisjon av vedlegga B4 og B5 Pumpestasjonar for høvesvis vassforsyning og avløp. Det er nå sett krav til at stasjonane skal vere tilrettelagt for straumtilførsel av eksternt nødstraumsaggregat.
7. Teikning A-4A Forankring Jordgrøft – teikninga er revidert ved at også leidningsdimensjon 400 mm er teke inn i tabellen.
8. Elles er det ei rekke mindre vesentlege endringar i dokumentet